

Firda, 14.04.1959:

Fylkeskappleiken og springdansen- tevlingar i Høyanger ein knallsuksess.

Sunnfjordingane forsynte seg dugleg av pokalane.

Fylkeskappleiken i Høyanger vart omfata med ei veldig interesse, både av deltakarane som var oppgledde over å kunne møtast på denne hyggjelege måten, og for den fullsette salen av publikum. «Interessa var så stor at eg mest ikkje trudde mine egne augo», seier ein av dei som hadde mest med tilskipinga å gjera, nemleg leikleiaren i Sogn u.l., O. Eggen. «Eg skulle ha tak i to stolar til spelmenn, men det var ikkje å oppdaga ledige stolar i heile «Valhall», seier han.

Hardingfele. Kl. 20—60 år.

1. Bendik Brynestad, Dale, og Arne Rivedal, Holmedal, begge 70 pg. (Dei får ein lut i gåvepremien frå Firda U.lag.).
 2. Daniel Brynestad, Dale, og Kornelius Eikenes, Hestenesøyra, begge 69 pg.
 3. Sjur Hesjevoll, Jostedal, 60 p.
 4. Olav Sterri, Jostedal, 60 p.
 5. Petter Elde, Florø 62 p.
 6. Johs. Hoisen, Førde 60 p.
 7. Johan Hagen, Høyanger 59 p.
 8. Georg Tistel, Vik 58 p.
 9. Torolv Eldegard, Ardal 65 p.
 10. Asbjørn Sunde, Naustdal 55 p.
- Over 60 år.
1. Torfinn Litle, Sandane 67 p.

Hektisk i den «Røde Leir».

Musikkinstruktor Monrad Nyheim kom til Førde sist fredag, og tok same kvelden til med kurs i Førde Musikklag. Kurset varer denne veka ut og vert, som i fjor, avslutta med laget sin årlege marknad. Instruktor Nyheim er med åra vorten ein kjend og kjær gjest, og vi ynskjer han velkomnen til Førde.

Etter musikklaget sin marknad vil det gå slag i slag med konsertar og tilstellingar av ym-

2. Kr. Telge, Skiffjord 65 p.
 3. H. B. Takle, Brekke 56 p.
- Tysk fele.

1. Adolf Paulsen, Alhus, og Per Støyva, Byrkjelo, begge 67 poeng. (Dei får kvar ein aksje i vandrepremien frå Sfj. Ul.)
 3. Kolbj. Austreim, Sandane 66 p.
- Hardingfele. Kl. Under 20 år.
1. Harald Hesjevoll, Jostedal 64 poeng. (Han er berre 13 år).

Springdans.

1. Gudveig og Ingolv Iversen, Holmedal, 53 pg. (Ein aksje i vandrepokalen frå Sogn Ul.)
2. Anbjørg og Olav Seitun, Lærdal, 50 p.
3. Målfrid Rivedal og Jon Hellest, Holmedal 45 p., og Solveig Grinde og Olav Nokken, Høyanger 45 p.
4. Gudveig Iversen og Gullak Bjørvik, Holmedal 42 p. (Bjørvik er 70 år, eldste dansar).
5. Målfrid Rivedal, Holmedal, og Leif Sandvin, Sogndal gymnas, 41 p.
6. Alette og Anders Eide, Holmedal, 40 p.
7. Aslaug og Torgeir Dale, Høyanger, 35 p.

*

Sidan desse tevlingane har vorte mottekne med så stor interesse, har fylkeslaga no vorte samde om at det skal bli ei årleg tilskiping, og slik at tilskipinga vekslar mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Det er då også sett opp vandrepokalar, som Sunnfjord tok ein sterk part av ved dette fyrste møtet.

Domarar for felespel var Ola Haugland frå Nordfj., skuleinsp. Sandnes frå Sunnfj., Sigurd Eldegard frå Sogn, og Nils Furnes frå Bergen som «nøytral». For dans var det Hans Lavik, Andr. Hjetland og Nils Furnes.